



Arkitektkontoret 21 Elisabeth Rakner
Leitet 1
5018 BERGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 22/865 - 22/52321

Saksbehandlar:
Einar Aase
einar.aase@alver.kommune.no

Dato:
27.06.2022

Fortsatt mangler ved søknaden - gbnr 239/17 Eknes ytre

Tiltak: fritidsbustad
Byggjestad: Gbnr: 239/17
Tiltakshavar: Jostein Jokiel
Ansvarleg søkjar: Arkitektkontoret 21 Elisabeth Rakner

Kommunen treng fleire opplysningar for å handsame søknad. Ber om at søknad vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Det er informert om at tiltak er noko endra frå opphavleg søknad, ved at parti i forkant av fritidsbustad mot sjø vert fjerna.

Søknad må supplerast med oppdatert situasjonsplan og nytt teikningsgrunnlag som syner tiltak utan platting i forkant mot sjø. Andre eventuelle endringar frå opphavlege teikningar må synleggjerast.

2. Det går fram av søknad at dykk held på med ein dialog for å avklare parkering på naboeigedom.

Søknad må supplerast med dokumentasjon på at dette tilhøvet er sikra. Krav om parkering følgjer av føresegn 2.6.5 i kommunedelplan for Lindås. Parkering skal liggje i gangavstand til fritidsbustad. Gangavstand er definert til 500 meter i føresegn 5 i kommunedelplan.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan **29.07.2022**. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forsenkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. forskrift om byggesak (SAK) § 7-1. Tidsfristane vert rekna frå søknaden er komplett og klar for handsaming, jf. forskrift om byggesak § 7-2, 1. ledd.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Einar Aase
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Arkitektkontoret 21 Elisabeth Rakner
Jostein Jokiel

Leitet 1
Langheiane 77

5018 BERGEN
5914 ISDALSTØ